

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: måndag 5. februar 2024
Tid: kl. 14.00
Sted: Sveio kommunehus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

I etterkant av møtet inviterer Rogaland Revisjon til dialogmøte for å få innspel til arbeidet med ny risiko- og vesentleganalyse.

Saksliste:

- 01/24 Godkjenning av protokoll frå møtet 21.11.23**
- 02/24 Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Plan- og byggsak»**
- 03/24 Rogaland Revisjon IKS - om revisor si rolle og ansvarsområde**
- 04/24 Plan for orienteringar frå administrasjonen**
- 05/24 Sveio kontroll- og kvalitetsutval - årsmelding 2023**
- 06/24 Referat- og orienteringssaker 05.02.24**

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 29.01.24

Kjartan Moe Hustvedt
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (er invitert)
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutval	05.02.24	01/24
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 21.11.23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 21.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå møtet 21.11.23

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 21.11.23 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og førebels godkjent av leiar i etterkant av møtet. Den er sendt medlemmane og kommunen slik han ligg føre.

Protokollen blir formelt godkjent i dette møtet.

Aksdal, 29.01.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **21. november 2023** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Kjartan Moe Hustvedt.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 17.00 – 19.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Kjartan Moe Hustvedt (MDG), Per S. Wathne (Krf), Marit Elise Lier (Ap) og Andreas Bårtvedt (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL/FRATREDEN:	Ole Johan Sveen (TvF) måtte fråtre før møtet blei sett, då han er tilsett i kommunen som vikarlærer
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON:	Revisor Therese S. Bjørkeland
FRÅ ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Jostein Førre t.o.m. sak 21 og økonomisjef Peter Lura
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA

SAK 20/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19.09.23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 19.09.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 19.09.23 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 21/23 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SINE OPPGÅVER OG ANSVAR**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar gjennomgangen av utvalet sine oppgaver og ansvar til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Utvalssekretær orienterte om utvalet sine ulike oppgaver, mandat og ansvarsområde.

Sekretæren svara på spørsmål frå medlemmene. Utvalet hadde ingen merknadar.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar gjennomgangen av utvalet sine oppgaver og ansvar til orientering.

SAK 22/23 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2023**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2023 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Revisor viste ein presentasjon og orienterte om revisjonsstrategien. Ho forklarte mellom anna om vesentlegheitsgrenser, risikovurderingar, planlagde angrepsvinklar og om forenkla etterlevingskontroll. Revisor svara på spørsmål frå medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2023 til orientering.

SAK 23/23 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2023**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 26.06.23, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Revisor viste til dei skriftlege erklæringane. Utvalet hadde ingen merknadar.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 26.06.23, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

SAK 24/23 BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERINGAR OG PLANAR FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2023 - 2027 FOR SVEIO KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2023-2027 for Sveio kommune i følgje vedlagte prosjektmandat. Ramma vert sett til 115 timar.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sekretær og revisor gjorde greie for bakgrunn for saka og prosjektmandatet.

Utvalet hadde ingen merknadar og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2023-2027 for Sveio kommune i følgje vedlagte prosjektmandat. Ramma vert sett til 115 timar.

SAK 25/23 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kommunestyre vedtar ei ekstrabevilling på 292 000 til ansvarsområdet Kontroll og revisjon til dekning av gjennomføring av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Plan- og byggsaker».

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sekretær gjorde greie for saka. Medlemmene drøfta saka og meinte det var vanskelig å vite kva kommunestyret hadde meint og kva dei ønskte å få ut av ei slik gransking, som var omtala i vedtaket frå kommunestyret.

Utvalet var samd om at saka måtte sendast til kommunestyret, og at det måtte løyvast ekstra midddlar til å gjennomføra ei slik gransking. Ei slik gransking kunne ikkje gjerast innafor utvalet sitt ordinære budsjett.

Medlemmane meinte det var viktig å få fram i vedtaket at dette var ei sak utvalet følgde opp etter vedtak i kommunestyret, og ikkje var utvalet sitt initiativ.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre vedtar ei ekstrabevilling på 292 000 til ansvarsområdet Kontroll og revisjon til dekning av gjennomføring av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Plan- og byggsaker» for å følgje opp pkt. 4 i kommunestyrevedtaket 12.06.23, sak 62/23.

SAK 26/23 MØTEPLAN FOR 2024**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2024:
måndag 5. februar, 6. mai, 17. juni, 9. september og 11. november kl. 14.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Leiar og sekretær gjorde greie for framlegget. Medlemmene var samde om at det var i orden å flytte møtetidspunktet til kl. 14.00.

Utvalet hadde ingen merknadar og slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2024:

måndag 5. februar, 6. mai, 17. juni, 9. september og 11. november kl. 14.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 27/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

26. Statusrapport pr. november 2023

27. Kst. vedtak 02.10.23, sak 101/23 – Val av kontroll- og kvalitetsutval 2023-2027

28. Innkalling til representantskapsmøte 08.12.23 – Haugaland Vekst IKS

29. Invitasjon til dagskonferanse i Sandnes 18.01.24

30. Invitasjon til NKRF's kontrollutvalgskonferanse 31.01 – 01.02.24 – sjå www.nkrf.no

31. Invitasjon til folkevaldopplæring på Solstrand hotel 13. – 14. februar 2024

32. «Kontrollutvalget er verken klageinstans eller domstol» – Kommunal rapport 24.07.23

33. «Kommunestyret må kjenne sitt kontrollansvar» – Kommunal rapport 19.09.23

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Medlemmene drøfta om dei skulle reise på konferansar og kva som skulle prioriterast.

Per Wathne og Andreas Bårtvedt ønskte å reise til Solstrand i februar. Medlemmene gir beskjed til sekretariatet om dei ønskjer å delta på konferansar.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 26 – 33 til orientering.

EVENTUELT

PPT- og alternativ undervisning

Marit Elise Lier informerte om at ho hadde fått fleire henvendingar med spørsmål om PPT-tenesta fungerte etter intensjonane og om alternativ undervisning på Strømøy gard var nedlagt.

Utvalet var samd om å be rådmannen orientere i neste møte om desse forholda.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber rådmannen om ei orientering i neste møte om PPT-tenesta og Strømøy gard.

Neste møte: måndag 5. februar kl. 14.00

Saker: revisjonsrapport «Pleie og omsorg», orientering frå rådmannen, årsmelding for 2023, arbeid med ROV-analysen og plan for orienteringar.

Sveio/Aksdal, 21. november 2023

Kjartan Moe Hustvedt
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	05.02.24	02/24
Kommunestyret	11.12.23	142/23
Kontroll- og kvalitetsutvalet	21.11.23	25/23
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV REVISJONSPROSJEKT – «PLAN- OG BYGGSÅK»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Plan- og byggsak» frå Rogaland Revisjon i tråd med prosjektmandatet av 16.01.24.

Ramma for prosjektet blir sett til 250 timar.

- Vedlegg:**
1. prosjektmandat frå Rogaland Revisjon, dagsett 16.01.24
 2. særutskrift frå kommunestyrevedtak 11.12.23, sak 142/23

Bakgrunn

Etter innstilling frå kontroll- og kvalitetsutvalet gjorde Sveio kommunestyret følgjande vedtak i møtet 11.12.23, sak 142/23

Sveio kommunestyre vedtar ei ekstrabevilling på 292 000 til ansvarsområdet Kontroll og revisjon til dekning av gjennomføring av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Plan- og byggsaker» for å følgje opp pkt. 4 i kommunestyrevedtaket 12.06.23, sak 62/23.

Kontroll- og kvalitetsutvalet handsama saka på møtet 19.09.23 og 21.11.23 for å følgje opp kommunestyret sitt vedtak i juni 2023.

Sveio kommunestyret gjorde følgjande vedtak i møtet 12.06.23, i sak 62/23:

1. *Sveio kommune prøver å få til ei frivillig løysing når det gjeld stien ved Lauvneset. Ein arbeider vidare med alternativet som inneber utviding av eksisterande sti.*
2. *Avtalar som etablerer formell vegrett skal vera underteikna før arbeid startar og rett til å bruka tomt 119/43 i samband med grunnarbeid samt avstandserklæring frå 119/43.*
3. *Det blir løyvd kr 250 000,- inkl. mva. til gjennomføring av prosjektet. Dette blir finansiert med kr 200 000,- i bruk av investeringsfond og kr 50 000,- i meirverdiavgiftskompensasjon. I denne summen skal kommunen søka den minst kostnadskrevjande løysinga for å få utført arbeidet.*

- 4. Kommunestyret ber kontroll- og kvalitetsutvalet gjennomføre ein revisjon av saksgangen i denne saka, frå byrjing til slutt, og kor alle partar i saka blir høyrde og gitt moglegheit til å uttala seg.**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval handsama oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i møtet 19.09.23 under sak 19/23. I protokollen står det følgjande om handsaminga:

Pkt. 24 – kommunestyrevedtak 12.06.23, sak 62/23

Medlemmene drøfta i samråd med revisor, korleis dei kunne følgje opp kommunestyret sitt vedtak på best mogleg måte. Forvaltningsrevisor Silje Nygård kommenterte vedtaket. Ho meinte det var viktig å prøve å få til at undersøkinga bidreg til læring for kommunen innafor sakshandsamingsområdet, og ikkje berre ei gransking av denne enkeltsaka. Ein forvaltningsrevisjon, der saken frå Førde var eit av 2 – 3 case, kunne vere ein mogleg måte å gå fram på, meinte ho.

Nygård foreslo at revisjonen utarbeidar eit notat og kostnadsoverslag for korleis revisjonen kan gjere ei slik undersøking. Dette blir eit vedlegg til saka til kommunestyret.

Medlemmene stetta revisor sitt framlegg. Utvalet meinte det var viktig at kostnadene til ei slik undersøking ikkje går ut over utvalet sitt ordinære arbeid. Det vil vere naturleg å søkje kommunestyret om ei tilleggslyving til denne undersøkinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.09.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek referatsakene 18 – 25 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber sekretariatet utarbeide ei sak til neste møte i kontroll- og kvalitetsutvalet med eit framlegg og prisoverslag for korleis vedtaket til kommunestyret 12.06.23, sak 62/23 pkt. 4 kan følgjast opp.

I protokollen frå møtet 21.11.23 står det følgjande i sak 25/23:

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sekretær gjorde greie for saka. Medlemmene drøfta saka og meinte det var vanskelig å vete kva kommunestyret hadde meint og kva dei ønskte å få ut av ei slik gransking, som var omtala i vedtaket frå kommunestyret.

Utvalet var samd om at saka måtte sendast til kommunestyret, og at det måtte løyvast ekstra middlar til å gjennomføre ei slik gransking. Ei slik gransking kunne ikkje gjerast innafor utvalet sitt ordinære budsjett.

Medlemmane meinte det var viktig å få fram i vedtaket at dette var ei sak utvalet følgde opp etter vedtak i kommunestyret, og ikkje var utvalet sitt initiativ.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre vedtar ei ekstrabevilling på 292 000 til ansvarsområdet Kontroll og revisjon til dekning av gjennomføring av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Plan- og byggsaker» for å følgje opp pkt. 4 i kommunestyrevedtaket 12.06.23, sak 62/23.

Saksorientering

Rogaland Revisjon har i vedlagde prosjektmandat gjort greie for korleis ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Plan og byggsak» kan gjennomførast.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår at føremålet med prosjektet vil vere å «vurdera Sveio kommune sin handsaming av byggesaker i høve til regelverk og praksis».

Med bakgrunn i føremålet har revisjonen utarbeidd følgjande problemstillingar:

- *I kva grad har kommunen eit system og rutinar for samhandling og informasjonsutveksling med tiltakshavar forut for søknad i byggesaker?*
- *I kva grad blir kommunen sine interne rutinar etterlevd?*
- *Korleis sikrar kommunen likehandsaming i byggesaker?*
- *Er kommunen si handtering av ulovleg oppførte tiltak tilfredsstillande?*

Ressursbruk

Revisor har estimert ein ressursbruk på 250 timar for å gjennomføra prosjektet. Det vil inkludera førebuing, utarbeiding av prosjektmandat, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

Revisjonen vil starte med prosjektet i våren 2024, og vil venteleg levere rapport i november. Kontroll- og kvalitetsvalet må før endeleg tinging ta stilling til om dei foreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

Kommunestyret har i sitt vedtak den 11.12.23, sak 142/23 løyvd 292 000 kr til gjennomføring av prosjektet. Utvalet sitt ordinære budsjett vil soleis ikkje bli påverka av dette «ekstra prosjektet», som kommunestyret har bedt kontroll- og kvalitetsutvalet om å gjennomføra.

Aksdal, 29.01.24

Odd Gunnar Høie

Dagleg leiar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Plan- og byggesak

Sveio kommune, 2024

BAKGRUNN

Formålet med prosjektet er å kartlegge og vurdere korleis Sveio kommune sikrar at sakshandsaminga av byggesaker er i tråd med lovmessige krav. Byggesak er eit kommunalt tenesteområde som får mykje merksemd frå omgivnadene då sakane kan ha stor betydning for kvardagen til folk. Det er avgjerande at sakshandsaminga blir tilstrekkeleg dokumentert slik at den kan etterprøvast og bidra til at kommunen sikrar den allmenne forventninga til likebehandling.

Kommunestyret i Sveio kommune vedtok i sak 62/23, 12.06.2023, punkt 4:

Kommunestyret ber kontroll- og kvalitetsutvalet gjennomføra ein revisjon av saksgangen i denne saka, frå byrjing til slutt, og kor alle partar i saka blir høyrde og gitt moglegheit til å uttala seg.

I kommunestyret si behandling av saka blir det vist til ei «uoversiktleg saksgang» og stilt spørsmål til «om alt har gått heilt rett føre seg». Slik revisor oppfattar er det dette som ligg til grunn for punkt 4 i kommunestyret sitt vedtak.

Med dette som bakgrunn er følgande problemstillingar utarbeida:

<u>Bestilling:</u> Kontroll- og kvalitetsutvalet i Sveio kommune bestilte 05.02.2024 ein forvaltningsrevisjon om plan- og byggesak, etter vedtak i kommunestyret 12.06.2023.	<u>Problemstillingar:</u> • I kva grad har kommunen eit system og rutinar for samhandling og informasjonsutveksling med tiltakshavar forut for søknad i byggesaker? • I kva grad blir kommunen sine interne rutinar etterlevd? • Korleis sikrar kommunen likehandsaming i byggesaker? • Er kommunen si handtering av ulovleg oppførte tiltak tilfredsstillande?
<u>Formål:</u> Vurdera Sveio kommune sin handsaming av byggesaker i høve til regelverk og praksis.	

Om datamaterialet tilseier det, kan revisor foreta mindre justeringar av problemstillingane undervegs. Større endringar i problemstillingane må avklarast med kontrollutvalet.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventningar, og vil bli brukt til å vurdere funn i dei undersøkingar som blir gjennomført. Kriteriene skal vera grunna i, eller utarbeida av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. I dette prosjektet ligg følgande kjelder til grunn for utvikling av revisjonskriterier:

- Plan- og bygningslova
- Forvaltningslova
- Kommunelova
- Kommunale planar og andre relevante styringsdokument

METODE

Tilnærminga vil basera seg på ein gjennomgang av relevante lover og forskrifter, KOSTRA-tal i tillegg til rutinar, planar og relevante dokument frå kommunen. Tilsyn og andre statistiske data vil bidra til å belyse problemstillingane, og vil og tas med som vurderingsgrunnlag.

Revisor anbefaler at gjennomgangen av den aktuelle sak, som det refererast til i kommunestyresak 62/23, blir innretta som ein del av ein forvaltningsrevisjon av byggesaker,

der søkelyset rettast mot system og rutinar, dokumentasjon og informasjon. Saka anbefalast som ein av to til fire case for gjennomgang. Då med brei involvering, som inneber at både offentleg og privat part blir høyrte. Ein forvaltningsrevisjon av byggesaker vil, etter revisor si meining, betre kunne avdekke om sakshandsaminga i kommunen er styrt av lovkrav med tilhøyrande rutinar, eller på annan måte.

Det vil bli gjennomført intervju med nøkkelpersonar i kommunen, samt privat part i dei casane som blir valde ut. Det kan også vera aktuelt å intervjua politikare.

Eit meir detaljert metodisk design vil bli utarbeidd i samband med oppstart av prosjektet. I samband med dette vil det etter behov bli gjorde nødvendige avklaringar med administrasjonen.

FRAMDRIFTSPLAN

- *Førebuing og oppstart* – våren 2024
- *Levering* – november 2024

Framdriftsplanen forutsett et tett samarbeid med kommunen og andre relevante aktørar.

PROSJEKTTEAM

Prosjektleder: Linn Christin Bakken, senior forvaltningsrevisor
Kvalitetssikrar: Svein Kvalvåg, oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Prosjektet blir gjennomført under leiing av oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg.

Ved behov kan og andre ressursar i Rogaland Revisjon bli brukt.

OMFANG

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analysar og rapportering er 250 timar.



Sveio kommune

Møteprotokoll – Kommunestyret

Særutskrift – Sak 142/23

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	11.12.2023
Tid:	Kl. 18:00–22:12

Før møtet blei sett, blei Sveio kommune sin kulturpris for 2023 utdelt til Alf Edvin Hovda for sin langvarige frivillige innsats.

Følgande medlemmer møtte: Parti

Anne Lise Økland	AP
Inger-Emilie Kvalvåg Panayiotou	AP
Kristian Haaland	AP
Linn Therese Erve	AP
Tatsiana Kozel	AP
Ruth Grethe Østebøvik Eriksen	FRP
Vibeke Enerstvedt	FRP
André Mundal Haukås	H
Carl Enoksen	H
Grethe Lier Alne	H
John Kristian Økland	H
Mikal Møller Hovda	H
Jarle Jacobsen	KRF
Sondre Natås Strand	KRF
Kjartan Moe Hustvedt	MDG
Arne Valen	SP
Monica Vandaskog Valen	SP
Olav Østebø Olsen	SV
Asle Georg Halleraker	TVF
John Anders Semb	TVF

Forfall:	Parti
Leif Tore Haukås	FRP
Rune Teikari	FRP
Cato Sivertsen	INP
Jan Øyvind Gravdal	INP
Vidar Høyland	SP

Vara:	Parti
Bjørn Gerhard Huseby	FRP
Kristine B. Tikkanen	FRP
Jan Eirik L. Klingsheim	INP
Tony Andre Stuvik	INP
Endre Hetlesæter	SP
Susanne Dale Førde	SP
Belinda Teikari	FRP

Andre som møtte:

Dagfinn Bjørge (RNF)
John Gustav Eilerås (ELR)
Eva Basmo Kleppe (RNF)

Endring av sakslista:

Sak KOM-149/23 blei behandla før sak KOM-148/23.

Sak KOM-148/23 blei behandla i lukka møte, jf. koml § 11-5 (3) b, jf. offl. § 23.

Endring i tal på medlemmer til stades:

Susanne D. Førde (Sp) tredde inn som vara for Endre Hetlesæter (Sp) fram t.o.m. sak KOM-137/23.

Belinda Teikari (FrP) tredde inn som vara for Vibeke Enerstvedt (FrP) f.o.m. sak KOM-144/23, då Enerstvedt måtte forlata møtet på dette tidspunktet.

Eva B. Kleppe tredde inn som vara for Dagfinn F. Bjørge som representant for råd for personar med nedsett funksjonsevne f.o.m. sak KOM-144/23, då Bjørge måtte forlata møtet på dette tidspunktet.

Til å skriva under møteboka blei valde:

1. Carl Enoksen (H)
2. Asle G. Halleraker (TvF)

I tillegg signerer møteleiar og møtesekretær møteboka. Møtebøkene blir signert elektronisk.

Til stades frå administrasjonen:

- Rådmann Jostein Førre
- Politisk sekretær Bjarte Stølås Storli

Sakliste

Saksnr.	Sakstittel
134/23	Godkjenning av innkalling og protokoll
135/23	Referat og meldingar
136/23	Orienteringar
137/23	Høyringsuttale til kommunedelplan E39 Bokn–Bømlafjorden med konsekvensutgreiing
138/23	Reguleringsplanarbeid for fv. 541 Tjernagelvegen
139/23	Busetjing av flyktningar 2024
140/23	Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024
141/23	Kommunale gebyr 2024
142/23	Kontroll- og kvalitetsutvalet – Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt
143/23	Budsjett 2024 – Økonomiplan 2024–2027
144/23	Folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023
145/23	Orienteringssak – Kommunalt omstillingsfond
146/23	Ungdomsrådet – Reglement
147/23	Val til organ – Haugalandsrådet, Haugaland Vekst, interkommunalt idrettsutval og HBR
148/23	Tomteanskaffing – Førde brannstasjon <i>Unntatt offentlegheit</i>
149/23	Utviding av styringsgruppa for kommuneplanen

142/23 Kontroll- og kvalitetsutvalet – Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontroll- og kvalitetsutvalet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kommunestyre vedtar ei ekstrabevilling på 292 000 til ansvarsområdet Kontroll og revisjon til dekning av gjennomføring av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Plan- og byggsaker» for å følge opp pkt. 4 i kommunestyrevedtaket 12.06.23, sak 62/23.

11.12.2023 Kommunestyret

Behandling

Leiar for kontroll- og kvalitetsutvalet Kjartan M. Hustvedt (MDG) presenterte kort bakgrunnen for saka.

Røysting: Samrøystes som kontroll- og kvalitetsutvalet sitt framlegg.

KOM - 142/23 Vedtak:

Sveio kommunestyre vedtar ei ekstrabevilling på 292 000 til ansvarsområdet Kontroll og revisjon til dekning av gjennomføring av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Plan- og byggsaker» for å følge opp pkt. 4 i kommunestyrevedtaket 12.06.23, sak 62/23.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	05.02.24	03/24
Saksansvarleg		Arkivkode
Odd Gunnar Høie		212

ROGALAND REVISJON IKS OM REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 13.11.23 til orientering.

Vedlegg: engasjementsbrev frå Rogaland Revisjon, dagsett 13.11.23

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal halde seg informert om revisjonsarbeidet og sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet må difor ha kunnskap om revisor sine oppgåver og ansvar.

Saksorientering

Revisor har i sitt engasjementsbrev omtala si forståing av revisjonsoppdraget og innhaldet i revisjonsarbeidet med utgangspunkt i revisjonsvedtektene som gjeld for kommunar og fylkeskommunar. Brevet omtalar revisor sine oppgåver og plikter og kva revisor ventar at leiinga og administrasjonen gjer i samanheng med at dei legg fram rekneskapen. Eit av hovudpunkta i brevet omtalar rapportering frå revisor og dialog med kontrollutvalet og administrasjonen. Den/dei som utfører revisjon eller annen kontroll for kommunen skal jamleg vurdere sin sjølvstendige status. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenvurdering av sin sjølvstendige status til kontrollutvalet. Eigenerklæring frå oppdragsansvarleg revisor blei handsama i møtet 21.11.23.

Sekretariatet sine vurderingar

Engasjementsbrevet frå revisor gir kontrollutvalet kunnskap om revisor si rolle og ansvarsområde. Det blir gitt informasjon om lov, forskrifter og faglege standardar som ligg til grunn for revisor sitt arbeid. Informasjonen er grunnleggjande for kontrollutvalet sine oppgåver, mellom anna med å sjå til at rekneskapen blir revidert på trygt vis.

Aksdal, 29.01.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget i Sveio kommune

ENGASJEMENTSBREV - SVEIO KOMMUNE

1. Innledning

Rogaland Revisjon IKS ble gjennom selskapsavtale sist justert 17.03.2023, valgt til revisor for Sveio kommune. Revisjonen består av regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov og andre uttalelser og kontrollhandlinger, og omfatter revisjonen av kommuneregnskapet, årsregnskapene for kommunale foretak og konsolidert årsregnskap.

Med utgangspunkt i de revisjonsbestemmelsene som gjelder for kommuner og fylkeskommuner, herunder standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet beskrive vår forståelse av revisjonsoppdraget, slik at utvalget får en oppfatning av rollefordeling og hva som kan forventes av oss.

Utkast til budsjett fremmes til kontrollutvalget, som iht. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 legger frem eget budsjett for kommunestyret for godkjenning. Rogaland Revisjon IKS legger frem tertialrapport over tidsforbruk sammenholdt mot rammen. Tilleggstjenester avtales spesielt.

2. Revisjonen - formål og innhold

Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov, jf. kommuneloven § 24-2. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal virksomhet skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er en rettslig standard. Innholdet i dette begrepet er normert av kommunelovens bestemmelser om revisjon, tilhørende forskrifter og etablerte og anerkjente standarder på området. Som medlem av NKRF – kontroll og revisjon i kommunene er vi underlagt jevnlig eksterne kvalitetskontroller.

Revisor har plikt til løpende å foreta en vurdering av egen uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget i samsvar med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19.

Ledelsens ansvar

I henhold til kommuneloven er kommunedirektøren ansvarlig for at kommunens interne kontroll og forskrifter følges, herunder at økonomiforvaltningen er ordnet på en betryggende måte. Det er også kommunedirektørens ansvar å utarbeide og fremme kommunens årsberetning og avlegge årsregnskapet i samsvar med bestemmelsene i kommuneloven, forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. og god kommunal regnskapsskikk.

Kommunens ledelse har også ansvaret for at vi som revisor har ubegrenset tilgang til registrerte opplysninger, dokumentasjon og annen informasjon vi finner nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontrakter, protokoller mv. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelser og nødvendig veiledning.

Kommunestyret og kontrollutvalgets ansvar

Kommunestyret er kommunens øverste organ, og har det øverste ansvaret for å kontrollere den kommunale forvaltning. Kommunestyret velger selv et kontrollutvalg til å forestå løpende kontroll med den kommunale forvaltning på sine vegne. Kontrollutvalget skal påse at kommunens regnskap blir forsvarlig revidert. Videre skal kontrollutvalget påse at det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet og av selskaper kommunen har eierinteresser i. Kontrollutvalget skal også påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper (eierskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak, kommuneloven § 23-3.

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring, jf. kommuneloven § 23-4.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide planer som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller. Planene skal baseres på en risikovurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper og av kommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Planene skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen. Kontrollutvalget bestiller forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller basert på plan vedtatt av kommunestyret.

Innenfor forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll er det NKRF som er det standardsettende organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den enkelte forvaltningsrevisjon/eierskapskontroll vil være beskrevet ved planlegging og rapportering av hvert oppdrag, slik at denne oppgaven

ikke blir beskrevet ytterligere i dette brevet. Se for øvrig nærmere om rapportering under eget avsnitt.

Oppdragsansvarlig revisor utpekes av revisjonsenheten til hvert oppdrag i forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Regnskapsrevisjon

Årsregnskapet og de aktuelle delene av årsberetningen

I regnskapsrevisjonen er vår hovedoppgave å kontrollere om årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon og å avgi en uavhengig uttalelse (revisjonsberetning) om at revisor har betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon og at det er avgitt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktiges ledelse har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Vi kontrollerer om årsberetningen inneholder de opplysningene som lov og forskrift krever, og om opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet. Vi ser også etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og om vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene er dekkende beskrevet i årsberetningen.

Årsregnskapet, herunder konsolidert årsregnskap, skal iht. kommuneloven § 14-6 være avlagt av kommunedirektøren innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis senest 31. mars.

Videre er det vår oppgave å se etter at kommunen har ordnet den økonomiske internkontrollen på en betryggende måte og med forsvarlig kontroll.

Revisjonens utførelse og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk innebærer blant annet at vi kontrollerer utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, foretar analytiske vurderinger og andre revisjonshandlinger som vi etter forholdene finner hensiktsmessige.

På grunn av en revisjons iboende begrensninger, sammen med den interne kontrollens iboende begrensninger, er det alltid risiko for at ikke all vesentlig feilinformasjon i regnskapet avdekkes, selv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Ved vår risikovurdering vurderer vi de interne kontrollene som er relevant for kommunens eller enhetens utarbeidelse av årsregnskapet med det formål å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for effektiviteten av enhetens interne kontroll. Slike revisjoner eller gjennomganger vil eventuelt kunne avtales.

Generelt vil en effektiv intern kontroll redusere risikoen for at misligheter og feil vil oppstå uten å bli avdekket, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil påvirkes av kvaliteten på, og effektiviteten av kommunens interne kontroll, samt regnskaps- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftlig om eventuelle vesentlige mangler i den interne kontrollen som vi har identifisert under revisjonen, se nærmere om dette under avsnittet rapportering.

Registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i revisjonsberetningen, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon». De valgte kontrollhandlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for vesentlige mangler.

Ved vurderingen av ledelsens plikter med hensyn til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger, innhenter revisor informasjon om kommunens interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.

Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen

I samsvar med kommuneloven § 24-9 er det vår oppgave å se etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Kontrollen skal i utgangspunktet gjennomføres med begrensede ressurser og baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering som legges fram for kontrollutvalget. Resultatet av kontrollen rapporteres i en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget som avgis senest 30. juni.

Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og avgis etter RSK 301 «Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen». Standarden krever at vi etterlever etiske krav, planlegger og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå moderat sikkerhet i uttalelsen om etterlevelse på det området som velges for kontroll.

Misligheter

Revisor bidrar gjennom revisjonen til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Hvis revisor avdekker eller på annen måte blir kjent med misligheter, skal revisor straks melde fra om det til kontrollutvalget i nummerert brev, dette fremkommer i kommuneloven § 24-7.

Når saksforholdet er nærmere klarlagt, skal revisor sende nytt brev til kontrollutvalget. Revisor skal sende kopi av brevet til kommunedirektøren.

Andre bekreftelser enn revisjonsberetningen som inngår i oppdraget

Vi vil avgi følgende revisorbekreftelser mv. i samsvar med lov og god kommunal revisjonsskikk:

- Underskrift på kontrolloppstilling over bokførte og innberettede beløp (skatteforvaltningsforskriften § 7-2-11)
- Kompensasjonsmelding for merverdiavgift
- Bekreftelser på prosjektrengskap o.l. i henhold til ISA 805
- Uttalelse om kommunens dokumentasjon for låneopptak, jf. kommuneloven § 14-14
- Bekreftelse av kommunens rapportering av antall personer med psykisk utviklingshemming
- Refusjonskrav for utgifter til særlig ressurskrevende tjenesterhelse- og omsorgstjenester
- Andre revisjonsbekreftelser etter forespørsel fra kommunen

Oppdragsansvarlig revisor

Oppdragsansvarlig regnskapsrevisor er undertegnende.

Eventuelt skifte av oppdragsansvarlig regnskapsrevisor vil bli varslet skriftlig til kontrollutvalget.

3. Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument hos kommunen og foreta de undersøkelser som revisor finner nødvendige for å gjennomføre oppgavene.

Både oppdragsansvarlig revisor og revisjonsmedarbeiderne har taushetsplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13e. Dette følger av kommunelovens § 24-2 femte ledd. Det er gjort unntak fra taushetsplikten for rapportering av mulige straffbare handlinger, herunder ivaretagelse av rapporteringsplikt etter hvitvaskingsloven. Taushetsplikten gjelder ubegrenset i tid, også etter at oppdraget er avsluttet.

Taushetsplikten er dog ikke til hinder for at kontrollutvalget får den informasjon om resultater av revisjonen som er nødvendige.

Våre leverandører av IKT-tjenester og -programvare får tilgang til fortrolig informasjon når det er nødvendig i forbindelse med drift av og endringer i våre informasjonssystemer. Vi har ansvar for å ha et forsvarlig system for informasjonssikring. Dette omfatter også våre leverandører av IKT-tjenester.

Årsregnskapet, herunder konsolidert årsregnskap, skal iht. kommuneloven § 14-6 være avlagt av kommunedirektøren innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis senest 31. mars.

4. Rapportering og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget utarbeides for hver valgperiode eller oftere dersom det er forhold som tilsier det.

Revisjonen utarbeider oppstartsbrev årlig i forbindelse med oppstart av regnskapsrevisjonen og ved oppstart av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet og eierskapskontrollen. Oppstartbrevene sendes administrasjonen.

Revisjonen rapporterer forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller til kontrollutvalget i egne rapporter.

Regnskapsrevisjonen rapporteres slik til kontrollutvalget:

1. Presentasjon av revisjonsstrategi ved inngangen til nytt revisjonsår
2. Oppsummering av årets revisjon og revisjonsresultater ved avslutning av revisjonen
3. Revisjonsberetning
4. Nummererte brev (se nedenfor)
5. Skriftlig uttalelse om forenklet etterlevelseskontroll

Vi legger vekt på å ha en god dialog med kontrollutvalget.

Nummererte brev

Vi kan gjennom regnskapsrevisjonen finne forhold som ikke blir påpekt i revisjonsberetningen, men som vi finner det nødvendig å påpeke i nummerert brev. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalget med kopi til kommunedirektøren. Kontrollutvalget har et ansvar for å påse at forhold som er påpekt av revisor blir fulgt opp.

I henhold til kommuneloven § 24-7 skal revisor påpeke følgende forhold i nummererte brev:

- a. vesentlige feil som kan føre til at årsregnskapet ikke gir riktig informasjon
- b. vesentlige mangler ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- c. vesentlige mangler ved den økonomiske internkontrollen
- d. manglende eller mangelfull redegjørelse i årsberetningen for vesentlige budsjettavvik
- e. enhver mislighet
- f. hvorfor han eller hun ikke har skrevet under på oppgaver som kommunen eller fylkeskommunen skal sende til offentlige myndigheter, og som revisor etter lov eller forskrift skal bekrefte
- g. hvorfor han eller hun sier fra seg revisjonsoppdraget.

Revisor skal årlig gi en skriftlig oppsummering til kontrollutvalget om forhold som er tatt opp i nummererte brev, men som ikke er rettet opp eller som ikke er tilstrekkelig fulgt opp.

Brev med påpekning av mindre vesentlige feil eller mangler vil bli sendt direkte til administrasjonen.

Uttalelser fra kommunens ledelse

I forbindelse med årsavslutningen vil vi i henhold til god kommunal revisjonsskikk innhente en skriftlig uttalelse fra ledelsen om fullstendigheten og riktigheten av de opplysninger som gis i årsregnskapet. På samme måte er vi pålagt å innhente skriftlige uttalelser fra ledelsen om kjennskap til eller mistanke om misligheter mv. Disse uttalelsene vil innhentes fra administrasjonen.

I forbindelse med avslutningen av forenklet etterlevelsesk kontroll av økonomiforvaltningen innhenter revisor en skriftlig uttalelse fra ledelsen for den aktuelle kontrollen.

5. Personvern

For å gjennomføre revisjonen og andre oppdrag under dette engasjementsbrevet, vil vi behandle personopplysninger slik det er beskrevet i vår personvernerklæring.


Personvernerklæringen er tilgjengelig på vår nettside [Hjemmeside - revisjonsselskap]. Vi er behandlingsansvarlig etter personvernreglene for de personopplysningene vi behandler i forbindelse med oppdraget og vi inngår derfor ikke en databehandleravtale.

6. Andre tjenester

Vår organisasjon har medarbeidere med betydelig kompetanse og praksis innenfor mange fagområder. Dette gjør oss i stand til å yte kompetent veiledning til dere, og som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i et stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innenfor intern kontroll, merverdiavgift, regnskapsføring, budsjetter, lov og forskrifter osv., så langt det lar seg gjøre innenfor vår oppgave som revisor.

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalgets forståelse av revisors rolle og ansvarsområder, og vi ser frem til et godt og konstruktivt samarbeid. Hvis noe er uklart eller utvalget har spørsmål, er det bare å ta kontakt.

Stavanger, 14.11.2023
Rogaland Revisjon IKS


Therese S. Bjørkeland
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	05.02.24	04/24
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	216	

PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

06.05.24	administrasjonen v/rådmann
09.09.24	skule, barnehage og kultur v/kommunalsjef
11.11.24	utvikling v/kommunalsjef
1. møte 2025	helse og omsorg v/kommunalsjef
2. møte 2025	økonomiavd. v/økonomisjef
3. møte 2025	personalavd. v/personalsjef
4. møte 2025	IKT-avdelinga

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Saksorientering:

Kontroll- og kvalitetsutvalet har i tidlegare periodar var nøgd med å få orienteringar om drifta av kommunen og kva som skjer innan resultatområda. Sekretariatet vil gjere framlegg om eit slikt opplegg i 2024 og for neste år.

Utvalet vil på denne måten kunne bli betre kjent med kommunen si drift og utfordringar.

Ut frå planen blir einingsleiarane invitert til kontroll- og kvalitetsutvalet sine møter, for på generell basis å gjere greie for sitt arbeids- og ansvarsområde.

Dersom utvalet ønskjer det kan planen seinare bli oppdatert og ein kan invitere andre leiarar som til dømes skulesjef, barnehagesjef, eller andre fagsjefar.

Sekretariatet har laga eit framlegg til plan for dei ulike orienteringane. Utvalet kan endre på planen slik dei måtte ønskje. Det kan uansett bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, kan dei sendast sekretariatet i forkant av møtet.

Aksdal, 29.01.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutval	05.02.24	05/24
Kommunestyret	19.02.24	
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL - ÅRSMELDING 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2023 slik den ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2023 til orientering.

Vedlegg: årsmelding for 2023

Saksorientering:

I følgje kommuneloven § 23-5 skal «*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret*».

Utkast til årsmelding for kontroll- og kvalitetsutvalet si verksemd i 2023 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2023 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vil bli lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontroll- og kvalitetsutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida og så ettersendt.

Aksdal, 29.01.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

ÅRSMELDING 2023



SVEIO KOMMUNE

INNLEIING

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2023.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av selskapa som kommunen eig eller er deleigar i. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret. Utvalet rapporterer og legg fram sine innstillingar direkte til kommunestyret. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen kan ikkje veljast til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For valperioden 2019–2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Arne Valen (Sp)
Nestleiar	Per S. Wathne (Krf)
Medlem	Marit Elise Lier (Ap)
Medlem	Solfrid Aasen (Sp)
Medlem	Gustav Eidsvåg (Frp)

Varamedlem:

1. Andreas Bårtvedt (H)
2. Bjørn Gerhard Huseby (Frp)
3. Hege Hobberstad Vigre (Sp)
4. Randi Skimmeland (Ap)
5. Olav Østebø Olsen

For valperioden 2023 – 2027 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Leiar	Kjartan Moe Hustvedt (MDG)
Nestleiar	Ole Johan Sveen (TvF)
Medlem	Marit Elise Lier (Ap)
Medlem	Per Sigurd Wathne (Krf)
Medlem	Andreas Bårtvedt (H)

Varamedlem:

Liste Ap/MDG/TvF/SV

1. Eli N. Vihovde (SV)
2. Sigrun Bøe Perez (Ap)
3. John Kristian Liknes (TvF)
4. Torill Nummedal Halleraker (Ap)
5. Arvid Bentsen (SV)

Liste Krf/Frp - for Wathne

1. Sølvi Margrethe Vesterheim (Frp)
2. Tor Inge Flåten (Sp)
3. Janne T. Fludal (H)

Liste H/Sp - for Bårtvedt

1. Susanne D. Førde (Sp)
2. Odd Konrad Dale (Frp)
3. Inger Skumsnes (Krf)

Utvalsleiar er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har delteke på eit av møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Rådmannen og andre frå administrasjonen har vore til stades på alle fire møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. UTVALET SIN AKTIVITET I 2023

Kontroll- og kvalitetsutvalet har i 2023 hatt 4 møte, fordelt på to om våren og to på hausten. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held sine møte på rådhuset.

Utvalet har hatt **27** saker til handsaming der **5** av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **33** saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over sakene følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Arne Valen og Per S. Wathne deltok på NKRF sin fagkonferanse på Gardermoen i februar. Det var fleire frå det nye utvalet som deltok på opplæringskveld i Aksdal 14.11.23.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Herunder ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiding for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 15.05.23, sak 09/23 kommunen sin årsrekneskap for 2022 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit positivt netto driftsresultat med 18,7 mill. kr, som utgjer 3,3 %. Resultatet var høgare enn Teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75 %.

I same møtet blei rekneskap for Ryvarden Kulturfyr KF godkjent. Føretaket sitt netto driftsresultat blei på kr 2 055, som var lågare enn året før.

Utvalet slutta seg til uttalen, då det ikkje var funne nokon formelle feil eller særskilte merknader.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Sveio kommune sin plan for 2020-2024 blei vedteken av kommunestyret i møtet 02.11.20.

Rogaland Revisjon sin forvaltningsrevisjonsrapport om «Planarbeid» blei handsama av kontroll- og kvalitetsutvalet og kommunestyret våren 2023. Revisor hadde peika på fleire forbettringspunkt, og kom med to tilrådingar. Det blei gitt ein frist på seks månader for oppfølging. Kontroll- og kvalitetsutvalet og kommunestyret handsama oppfølging av rapporten i hausten 2023, og tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

Prosjektet om «Pleie og omsorg», som utvalet tinga frå revisor i januar 2023 har blitt noko forsinka frå revisjonen. Rapporten vil bli levert i mai 2024.

Utvalet har fått ei ekstrabevilling frå kommunestyret for å setje i gang eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Plan og byggesak». Årsaka til dette er eit kommunestyrevedtak frå juni 2023. I vedtaket ber kommunestyret utvalet gjennomføra ein særskilt revisjon av saksgangen knytt til «stien ved Lauvneset».

Utvalet har også tinga ny Risiko- og vesentleganalyse frå revisor. Denne analysen skal danne grunnlaget for nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2023 – 2027. Utvalet vil arbeide med desse planane i løpet av 2024.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av si eigarskapskontroll.

Plan for 2020-2024 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 02.11.20 på bakgrunn av overordna analyse. I vedtatt plan er desse valt ut:

1. *Sveio Golfpark AS*
2. *Krisesenter Vest IKS*
3. *Haugaland brann og redning (HBR) IKS*
4. *SIM IKS*

Av uprioritert prosjekt er overordna eigarskapsforvaltning i kommunen, Haugaland Kraft AS og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter.

Det har ikkje blitt gjennomført eigarskapskontrollar i 2023.

Tilsyn med selskap kan også bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå leiinga i kommunale selskap. Utvalet fekk i mai orientering om Karmsund Havn IKS.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år eigenklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS vart kommunen sin revisor frå 01.07.21. Det har vore revisor tilstade på alle møta i 2023.

Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 14.06.21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon kom med si uttale for rekneskapsåret 2022 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen.

Revisor hadde undersøkt etterleving av Lov om offentlige anskaffelser. Revisor hadde nokre merknader og utvalet vedtok å be om ei tilbakemelding frå administrasjonen innan 01.09.23.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå administrasjonen som vart handsama i møtet 19.09.23.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan gjerast ved at utvalet får orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

Rådmannen redgjorde i septembermøtet om spørsmål frå utvalet knytt til eining for plan, eigedom, byggsak og landbruk.

5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLL – OG REVISJON

KONTROLL OG REVISJON	REGNSKAP 2022	BUDSJETT 2023	REGNSKAP 2023
Godtgjersle, kurs, m.m.	71 986	96 000	84 231
Revisjonstenester	779 984	944 000	968 174
Sekretariatstenester	195 000	203 000	203 000
Sum utgifter	1 046 970	1 243 000	1 255 405

Økonomiavdelinga har opplyst at utgiftene i tabellen over er bokført i 2023.

Utvalet handsama hausten 2023 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet for 2024. Totalramma blei sett til kr 1 304 000. Framlegget er sendt administrasjonen for å bli innarbeida i kommunen sitt budsjett.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALA

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmannen eller revisjonen. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS blei etablert 2004.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala og politisk leining, kontakt med revisjonen, andre interkommunale selskap i regionen og med andre sekretariat.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Sveio kommune er Ruth Ø. Eriksen valt til representantskapet i IKSet med Asle G. Halleraker er valt som vararepresentant. Asle G. Halleraker deltok på representantskapsmøtet 24.04.23.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2023 har vore omtrent som planlagt. Rekneskapen for 2022 blei handsama i mai.

Revisjonsrapport om «Planarbeid» ble levert på nyåret og tilrådingane blei følgt opp av utvalet og kommunestyret hausten 2023.

Prosjektet om «Pleie og omsorg» er forsinka frå revisjonen og vil bli levert i mai 2024.

Utvalet har fått ei ekstrabevilling frå kommunestyret for å setje i gang eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Plan og byggesak».

Utvalet har tinga ny Risiko- og vesentleganalyse frå revisor.

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunen sin økonomiske situasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

Sveio, den 05.02.24

Kjartan Moe Hustvedt
Leiar

Marit Elise Lier

Per S. Wathne

Andreas Bårtvedt

VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2023

Oversyn over saker til handsaming:

- 1/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 21.11.22
- 2/23 Tinging av forvaltningsrevisjon - «Pleie og omsorg»
- 3/23 Forvaltningsrevisjonsrapport - «Planarbeid»
- 4/23 Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2022
- 5/23 Referat- og orienteringssaker 30.01.23
- 6/23 Revidert møteplan for 2023 – kontroll- og kvalitetsutvalet

- 7/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 30.01.23
- 8/23 Orientering om Karmsund Havn IKS – v/havnedirektør Gautesen
- 9/23 Uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2022 – Sveio kommune
- 10/23 Uttale til rekneskap og årsmelding 2022 - Ryvarden Kulturfyr KF
- 11/23 Forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2022
- 12/23 Referat- og orienteringssaker 15.05.23

- 13/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 15.05.23
- 14/23 Tilbakemelding på spørsmål om Eining for plan, eigedom, byggesak og landbruk v/rådmannen
- 15/23 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten– «Planarbeid»
- 16/23 Oppfølging av forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2022
- 17/23 Budsjettframlegg 2024 – kontrollarbeidet i kommunen
- 18/23 Evaluering av utvalet sitt arbeid for perioden 2019 - 2023
- 19/23 Referat- og orienteringssaker 19.09.23

- 20/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 19.09.23
- 21/23 Kontroll- og kvalitetsutvalet sine oppgåver og ansvar
- 22/23 Orientering om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll for 2023
- 23/23 Revisor si egenerklæring for 2023
- 24/23 Bestilling av risiko- og vesentlegheitsvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2023 - 2027 for Sveio kommune
- 25/23 Bestilling av forvaltningsrevisjonsrapport
- 26/23 Møteplan for 2024
- 27/23 Referat- og orienteringssaker 21.11.23

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutval	05.02.24	06/24
Saksansvarleg		Arkivkode
Odd Gunnar Høie		033

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 1 – 7 til orientering.

Vedlegg:

1. Statusrapport pr. februar 2024
2. KST-vedtak 06.11.23, sak 133/23 – oppfølging av revisjonsrapport
3. Tertialrapport pr. 31.12.23 frå Rogaland Revisjon IKS
4. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst 08.12.23
5. NKRF konferansen 31.01 – 01.02.24 - oppsummering v/sekretær
6. Invitasjon til FKT sin fagkonferanse på Gardermoen 4. – 5. juni
7. Tilbakemelding på spørsmål frå utvalet om PPT og Stømøy gard - frå rådmannen

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Pkt. 6 - Tilbakemelding på spørsmål frå utvalet om PPT og Stømøy gard

I protokollen frå møtet 21.11.23 står det følgjande under Eventuelt:

«PPT- og alternativ undervisning

Marit Elise Lier informerte om at ho hadde fått fleire henvendigar med spørsmål om PPT-tenesta fungerte etter intensjonane og om alternativ undervisning på Strømøy gard var nedlagt. Utvalet var samd om å be rådmannen orientere i neste møte om desse forholda.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber rådmannen om ei orientering i neste møte om PPT-tenesta og Strømøy gard.»

Rådmannen har i vedlagt notat gitt ei tilbakemelding på spørsmåla frå utvalet. Rådmannen og kommunalsjef for oppvekst vil delta i møtet, for å kunne svara på eventuelle oppfølgings spørsmål frå medlemmene.

Aksdal, 29.01.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær



Sveio kontroll- og kvalitetsutval

Statusoversikt februar2024

Saker frå bestilling til behandling i kontroll- og kvalitetsutvalet

Tema	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
ROV og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	21.11.23	115 timar	Prosjektet er tinga frå revisor	Våren 2024	
Pleie og omsorg	30.01.23	250 timar	Prosjektet er tinga frå revisor	06.05.24	Utvalet fekk ei løypemelding i september
Plan og byggsak	05.02.24	250 timer		Hausten 2024	

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i utvalet

Forvaltningsrevisjon/ eigarskapskontroll	Bestilt	Hand- saming i KKU	Hand- saming i KST	Oppfølging i KKU/KST	Merknader

Avslutta prosjekt

Tema	Bestilt	Behandla i KKU	Behandla i KST	Fylgt opp KKU/KST	Merknader
Planarbeid	31.01.22	30.01.23	20.02.23	19.09.23/ 06.11.23	
Tilpassa opplæring og spes.undervisn.	15.02.21	27.09.21	01.11.21	20.06.22/ 26.09.22	Deloitte AS
Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)	04.05.20, sak 9/20	03.05.21, sak 9/21	14.06.21, sak 42/21	13.12.21, sak 108/21	Fellesprosjekt KPMG AS
Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 med analyse	25.11.19, sak 28/19	14.09.20, sak 22/20	07.12.20, sak 114/20	Ny plan i 2024	Deloitte As
Plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024	25.11.19, sak 28/19	14.09.20, sak 23/20	07.12.20, sak 113/20	Ny plan i 2024	Deloitte As

ORIENTERINGAR

Tema	Bestilt	Møtedato	Merknad	Deltakar
Administrasjonen	05.02.24	06.05.24		
Skule, oppvekst og kultur	05.02.24	09.09.24		
Utvikling	05.02.24	11.11.24		
Helse og omsorg	05.02.24	1. møte 2025		
Økonomiavd.	05.02.24	2. møte 2025		
Personalavd.	05.02.24	3. møte 2025		
IKT-avdelinga	05.02.24	4. møte 2025		



Sveio kommune

Møteprotokoll – Kommunestyret

Særutskrift – Sak 133/23

Utval: Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen

Dato: 06.11.2023

Tid: Kl. 18:00

Pause: Kl. 21.54–21.57

Gruppemøte: Kl. 20.37–21.17

Kl. 22.18–22.25

Følgande medlemmer møtte:

	Parti
Anne Lise Økland	AP
Inger-Emilie Kvalvåg Panayiotou	AP
Kristian Haaland	AP
Linn Therese Erve	AP
Tatsiana Kozel	AP
Leif Tore Haukås	FRP
Ruth Grethe Østebøvik Eriksen	FRP
Vibeke Enerstvedt	FRP
André Mundal Haukås	H
Grethe Lier Alne	H
John Kristian Økland	H
Mikal Møller Hovda	H
Cato Sivertsen	INP
Jan Øyvind Gravdal	INP
Jarle Jacobsen	KRF
Sondre Natås Strand	KRF
Kjartan Moe Hustvedt	MDG
Arne Valen	SP
Monica Vandaskog Valen	SP
Olav Østebø Olsen	SV
Asle Georg Halleraker	TVF
John Anders Semb	TVF

Forfall:

	Parti
Rune Teikari	FRP
Carl Enoksen	H
Vidar Høyland	SP

Vara:

	Parti
Belinda Teikari	FRP
Lars Einar Hollund	H
Endre Hetlesæter	SP

Andre som møtte:

Helge Matre (ELR)

Før møtet blei sett blei det halde tre presentasjonar:

- E39 Bokn–Bømlafjorden v/Statens vegvesen – Henry Dammna og Unni Høivik
- Kulturminneplanen v/eining for samfunnsutvikling – Ellen Urheim Tveit
- Budsjettframlegg for 2024 v/rådmann Jostein Førre og økonomisjef Peter Olav Lura

Endring av sakslista:	
Sak 132/23 blei behandla til sist, i lukka møte, jf.	
koml. § 11-5 (3) a	
Endring i tal på medlemmer til stades:	
Ingen.	
Til å skriva under møteboka blei valde:	Parti
Linn Therese Erve	AP
Vibeke Enerstvedt	FRP
Til stades frå administrasjonen:	Tittel
Jostein Førre	Rådmann
Bjarte Stølås Storli	Politisk sekretær
Underskrifter:	Sign.:
André Mundal Haukås	<i>Digital signatur</i>
Linn Therese Erve	<i>Digital signatur</i>
Vibeke Enerstvedt	<i>Digital signatur</i>
Bjarte Stølås Storli	<i>Digital signatur</i>

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel
111/23	Godkjenning av innkalling og protokoll
112/23	Referat og meldingar
113/23	Orienteringar
114/23	Fartein Valen – Løypemelding om arbeidet i framtida
115/23	Framtidig organisering av brannvesen – Potensielt samarbeid med Haugesund brannvesen
116/23	Godkjenning av revidert selskapsavtale for Haugaland Vekst IKS og samarbeidsavtale for Haugalandsrådet IPR
117/23	Godkjenning av selskapsavtale for Region Sunnhordland IKS og samarbeidsavtale for Sunnhordlandsrådet IPR
118/23	Heilskapleg ROS-analyse for Sveio kommune 2023
119/23	Kommunedelplan Sveio sentrum – Vedtak
120/23	Møteplan 2024
121/23	Nyskapande aktivitetanlegg – Vegen vidare
122/23	Planprogram – Bustadsosial handlingsplan
123/23	Rullert kommunedelplan for kulturmiljø til høyring
124/23	Ryvarden kulturfyr KF – Tertialrapport
125/23	Finansrapportering 2. tertial 2023
126/23	Tertialrapport pr. 31.08.23
127/23	Val av representantar til folkevalde og andre organ 2023–2027
128/23	Val av eldreråd 2023–2027
129/23	Val av råd for personar med nedsett funksjonsevne 2023–2027
130/23	Val til styret i Torger Torgersens legat
131/23	Val til Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet IPR 2023–2027
132/23	Nytt tiltak – <i>Unntatt offentlegheit</i>
133/23	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Planarbeid

133/23 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Planarbeid

Kontroll- og kvalitetsutvalet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Planarbeid» til orientering.

06.11.2023 Kommunestyret

Behandling

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som kontroll- og kvalitetsutvalet sitt framlegg til vedtak.

KOM - 133/23 Vedtak:

Sveio kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Planarbeid» til orientering.

SVEIO KOMMUNE

Perioderapportering 31.12.2023



Kunde	Måned												Tot. timer	Tot. sum eks mva
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12		
Regnskapsrevisjon	98	13	136	18	24	21	1	3	38	53	40	8	453	502 830
Bekreftelse/attestasjoner	38	36	30	21	1	8		13		7	12	20	186	206 183
Kontrollutvalg	8				8				6	1	9		32	34 965
Rådgivning									4				4	4 440
Forvaltningsrevisjon	26	2			22	42	1	9	4	50	47	10	211	234 488
Total sum	169	51	166	39	54	71	2	25	52	111	108	38	886	982 905

SVEIO	FR	RR	ATT	KU	RÅD	TOTALT	SUM
B 2021	105	170	105	25		405	388 800
R 2021	10	196	58	13	8	284	272 640
B 2022	250	340	210	50		850	901 000
R 2022	166	476	162	36	8	847	897 990
B 2023	250	340	210	50		850	943 500
R 2023	211	453	186	32	4	886	982 905
B 2024	250	340	210	50		850	990 250

Budsjett 2024:

Budsjett fra tidligere år er videreført. Timeprisen økes med kr 55,- for 2023 slik at timepris blir kr 1 165,- + mva for kommuner og kr 1 220,- + mva for andre.

Forbruk 2023:

I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør og FEK 2022, planlegging og interim for revisjonsåret 2023 gjennomført. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for tre terminer og flere ulike særattestasjoner som bl.a rentekompensasjon, tilskudd fra husbanken, og ALIS tilskudd. Revisjonsstrategi og risiko og vesentlighetsvurdering for FEK er presentert for KU.

Av forvaltningsrevisjoner er *Planarbeid* levert, og prosjekt *Pleie og omsorg* er under arbeid. Utarbeidelse av *Risiko- og vesentlighetsvurdering* er vedtatt.

Protokoll

REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND VEKST 3/23

DATO: fredag 8. desember 2023

TID: 14.00

STED: Vabakkjen 6, Stord

TIL STEDE

Karmøy kommune:	Leiv Arne Marhaug, Øystein Hagerup
Haugesund kommune:	Nils Konrad Bua, Ole Bernt Thorbjørnsen
Tysvær kommune:	Monika Lindanger, Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Marte Eide Klovning
Bokn kommune:	Egil Våge, Ingeborg Skjølingstad
Sveio kommune:	André Mundal Haukås, Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal, Yngve Folven Bergesen
Suldal kommune:	-
Sauda kommune:	Håvard Handeland, Vegard Thise
Etne kommune:	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Rogaland fylkeskommune:	-
Administrasjonen:	Sigmund Lier, Gunn Evy Auestad
Velg et element.	

SAKSLISTE

- Sak 07-23: Valg av møteleder**
Karmøy-ordfører Leiv Arne Marhaug ble valgt som møteleder
- Sak 08-23: Godkjenning av innkalling og dagsorden**
Innkalling og dagsorden ble godkjent.
- Sak 09-23: Behandling av budsjett for 2024.**
Representantskapet vedtok budsjett for 2024 som foreslått og framlagt av sekretariatet.

Rådet ønsker at administrasjonen setter opp en økonomiplan for selskapet.

Det ble orientert om at Suldal har meldt seg ut av Haugaland Vekst IKS og Regionrådet for Haugalandet.
- Sak 10-23: Valg av revisor**

KPMG ble valgt til revisor for 2024.
Sekretariatet ser på valg av ny revisor til neste representantskapsmøte.
- Sak 11-23: Valg av styre**

Valgkomiteen har satt i gang arbeidet med å finne nytt styre til Haugaland Vekst. Yngve Folven Bergesen påpekte at det er uheldig med nytt styre og nytt representantskap samtidig og parallelt med utarbeidelse av ny eierstrategi. Valgkomiteen foreslå derfor å prolongere dagens styre til våren 2024. Forslaget ble enstemmig vedtatt.

Sak 12-23: Samarbeidsavtalen mellom Haugaland Vekst og Haugalandsrådet IPR
Saken utgikk.

Kopi: Haugaland kontrollutvalgssekretariat, post@kontrollutvalgene.no

NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024

[Tilbake til kursoversikten](#)

Nøkkelinno

Fra/til	31.1—1.2
Påmeldingsfrist	14.12
Pris	Kr 8 450 eks. mva. med overnatting (inkl. frokost og middag) (ikke-medl.: kr 8 950 eks. mva.) Kr 6 525 eks. mva. uten overnatting (ikke-medl.: kr 7 025 eks. mva.) Kr 1 322 eks. mva. for overnatting (inkl. frokost) fra 30. til 31. januar 2024
Sted	Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen
Varighet	31.1.: 10.00 - 17.00 1.2.: 09.00 - 13.00

Vi har gleden av å invitere til NKRFs 20. Kontrollutvalgskonferanse 31. januar - 1. februar 2024 og som vanlig i The Qube på Gardermoen.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere.

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

Program

Onsdag 31. januar 2024

09.00: Registrering

10.00: Velkommen

- Konferansier Håkon Haugsbø og daglig leder Rune Tokle, NKRF

10.10: Åpning

- Annonseres senere

10.30: Pause

10.50: Derfor er habilitet så viktig

- Geir Lippestad, advokat Lippestadadvokatene
- Annonseres senere

11.50: Pause

12.10: Kontrollutvalgsleder i fire år – slik gjorde jeg det

- Bård Hoksrud, tidligere leder av kontrollutvalget i Bamble

12.25: Kontrollutvalgsleder de neste fire år - slik skal jeg gjøre det

- Hedda Foss Five, nyvalgt leder av kontrollutvalget i Skien

12.40: Viktigheten av kontrollutvalget sett fra KS' side

- Martin Skramstad, seniorrådgiver i KS

12.50: Samtale

13.10: Lunsj

14.10: Forvaltningsrevisjon av bærekraft i kommunene

- Øyvind Nordbrønd Grøndahl, avdelingsleder for forvaltningsrevisjon i Romerike revisjon IKS

14.55: Pause

15.15: Slik var personopplysningssikkerheten i kommunene

- Kristine Stenbro, fagdirektør i Datatilsynet
- Camilla Nervik, seksjonssjef i Datatilsynet

16.00: Pause

16.20: Tillit er demokratiets lim

- Annonseres senere

17.00: Slutt for dagen

Torsdag 1. februar 2024

09.00: Hvordan kan kommunene bidra til vår nasjonale sikkerhet?

- Annonseres senere

09.45: Pause

10.05: Ekstremværet Hans – var det bare en forsmak? Hva må kommunene forberede seg på?

- Frode Longva, assisterende direktør i CICERO Senter for klimaforskning
- Torild Fagerbekk, avdelingsdirektør, avdeling for samferdsel, plan og miljø i KS

11.00: Pause

11.20: Menneskerettigheter i kommunene

- Vidar Strømme, fagdirektør i Norges institusjon for menneskerettigheter
- Eivind Digranes, rådgiver Norges institusjon for menneskerettigheter

12.05: Pause

12.25: Kontrollutvalgets betydning for ivaretagelse av demokratiet

- Jan Erik Røsvik, politisk redaktør i Sunnmørsposten

13.00: Lunsj

Minikurs – valgfrie tilbud parallelt med hovedprogrammet [OBS krever særskilt påmelding - begrenset antall plasser]

Målgruppe: Nye ledere og medlemmer av kontrollutvalget

Onsdag 31. januar 2024 kl. 14.10 – 17.00:

A. Kontrollutvalgets formål, rolle og oppgaver, herunder kort om regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

- Bjørn Bråthen, seniorrådgiver i NKRF
- Knut Erik Lie, seniorrådgiver i NKRF
- Ellen Lange, seniorrådgiver i NKRF

Torsdag 1. februar 2024 kl. 10.05 – 11.00:

B. Lederrollen i kontrollutvalget

- Ragnhild Aashaug, seniorrådgiver i Konsek Trøndelag AS og nestleder i NKRF, tidligere ordfører i Tolga
- Bjørn Tømmerdal, daglig leder i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS, tidligere ordfører i Ålesund

Torsdag 1. februar 2024 kl. 11.20 – 13.00:

C. Forstå det kommunale regnskapet

- Inger Anne Ankersen, daglig leder i Viken kommunerevisjon IKS og medlem av styret i Foreningen for god kommunal regnskapsskikk
- Knut Tanem, oppdragsansvarlig revisor i Revisjon Midt-Norge SA, medlem av NKRFs revisjons- og regnskapskomite og medlem av Fagkomiteen i Foreningen for god kommunal regnskapsskikk

Det tas forbehold om endringer i programmet. (sist oppdatert: 15. november 2023).

Fagkonferansen for kontrollutvalg 4. juni – 5. juni 2024

I 2024 arrangeres fagkonferansen 4. juni – 5. juni på **Quality Airport Hotel, Gardermoen**

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontrollarbeid i kommunal sektor.

Programmet

Program (pdf) legges ut senere

Kontrollutvalget – roller og samspill

Mange er ferske i kontrollutvalget og de trenger kunnskap om utvalgets rolle og hvordan utvalget skal opptre i samspill med andre aktører som har ansvar for kontroll i kommunene. Vi inviterer representanter fra både kontrollutvalg og revisjon, ordfører og kommunedirektør til samtale og refleksjon rundt tema «Kontrollutvalget – roller og samspill».

Habilitet og tillit

Høsten 2023 har nyhetsbildet vært preget av ulike habilitetssaker og spørsmål om innsideinformasjon. Hvordan påvirkes tilliten til politikerne av dette? Er det grunn til å se nærmere på tilsvarende problemstillinger i lokalpolitikken?

Henvendelser og varsling

Kontrollutvalget kan erfare å ta imot henvendelser om mer eller mindre konkrete kritikkverdige forhold. Hvordan skal kontrollutvalget håndtere slike henvendelser? Og hva med varsling – har kontrollutvalget noe med det å gjøre?

Økonomisk bærekraft

Har kommunen din en bærekraftig økonomi? Hvordan kan kontrollutvalget finne ut det? Har kontrollutvalget et ansvar her?

Vi vil også vise fram gode eksempler på forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Deltakeravgift: Medlemmer kr. 7 900, andre kr. 8 400

Påmeldingsfrist: 29. april

Orientering i kontrollutvalet den 5.februar 2024

- Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber rådmannen om ei orientering i neste møte om PPT-tenesta og Strømøy gard.

PPT: Hver kommune og fylkeskommune har en PP-tjeneste (pedagogisk-psykologisk tjeneste). PP-tjenesten skal hjelpe barnehager og skoler med kompetanse- og organisasjonsutvikling, og gjøre sakkyndige vurderinger av barn og elevers særlige behov. PP-tjenesten kan være organisert som en kommunal tjeneste, eller som et samarbeid med andre kommuner og/eller fylkeskommunen. PP-tjenesten kan samarbeide tverrfaglig på lokalt nivå, for eksempel med helsetjenesten eller barneverntjenesten, og på statlig nivå med for eksempel Statped eller spesialisthelsetjenesten. Du finner informasjon om din lokale PP-tjeneste på kommunen eller fylkeskommunens nettsider.

[Pedagogisk psykologisk teneste \(PPT\) - Sveio kommune](#)

[Spesialpedagogisk hjelp og PPT - Haugesund kommune](#)

Kompetanse- og organisasjonsutvikling: PP-tjenesten hjelper barnehager og skoler med kompetanse- og organisasjonsutvikling, slik at de lykkes med å tilrettelegge for barn, elever, lærekandidater, læringer, praksisbrevkandidater og voksne med særskilte behov i kortere eller lengre perioder.

PP-tjenesten skal samarbeide med barnehagene og skolene om tidlig innsats og forebygging. Tjenesten skal gi generell støtte til god faglig og sosial utvikling for barn og elever.

[PP-tjenesten \(PPT\) \(udir.no\)](#)

Om PPT-tenesta fungerte etter intensjonane

Tiltak som har vore gjennomført i sidan forvaltningsrevisjonen er at rapporten frå forvaltningsrevisjonen "Tilpassa opplæring og spesialundervisning" er blitt sendt til styret for den interkommunale PP-tenesta for Haugesund, Utsira og Sveio saman med dokumentasjon frå kommunal saksbehandling. Det er gjennomført to møter i styret kor ein har gått gjennom samarbeidsavtalen og kva tenester PPT skal yta. Det er bestemt at samarbeidsavtalen står. Tiltaka i samarbeidet er systematisert og dokumentert i overordna utviklingsplan for barnehage og skule, samt i lokale utviklingsplanar for den ein skilde barnehage og skule. Det skal i tillegg utarbeidas lokale samarbeidsavtalar mellom PPT v/kontaktperson og barnehagen/skulen kor det er sett ned datoar for kontaktdagar og kva det skal samarbeidas om.

Tiltaksplan for oppfølging av §13e i opplæringslova blei teken til orientering i HOK den 4.september 2023.

PP-tenesta er ein viktig samarbeidspartnar i Sveio kommune sitt BTI arbeid, i prosjektet «Hallo-Adjø» og i gjennomføring av lærande nettverk for pedagogane i kommunen. Vidare har PP-tenesta jobba med organisasjons- og kompetanseutvikling «leiing av endringsarbeid» i samarbeid med Sveio kommune. Dei deltek både som rettleiarar og i partnerskap med kommunen og UH, i «Kompetanseløftet for spesialundervisning og inkluderande praksis». Dei deltek i utvikling av profesjonsfellesskapet for einingsleiarane i tillegg til at dei er fast ute på einingane for å rettleia om læringsmiljø og i individualsaker. Dei utviklar og eigen eining i tråd med same prinsipp.

Om alternativ undervisning på Strømøy gard

Sveio kommune har hatt samarbeidsavtale med Straumøy gard i lang tid. Garden har vore nytta som alternativ opplæringsarena. Det rettslege grunnlaget for bruk av alternative opplæringsarenaer for enkeltelevar er reglane om spesialundervisning i opplæringslova § 5-1. Det skal vere ein høg terskel for å nytte eit slikt tiltak, og tiltaket skal vere av så kort periode/karakter som mogleg.

Anne Grutle er gått av med pensjon våren 2022 etter å ha vore tilsett som lærar ved Sveio skule både

for arbeidslivsfag og som spesialpedagog. Garden er no overdratt til sonen Viljar Grutle og svigerdottera Silje Marie Rydningen. Difor har Sveio kommune, oppvekst skule hatt ein ordinær arbeids- og samarbeidsavtale med Anne Grutle skuleåret 2022/2023.

Det er gjort ei vurdering av bruk av ressursar for skuleområdet. Kommunen har førige år inngått ein avtale med Ungt Entreprenørskap i Rogaland. Det er ønskeleg å nytte avtalen for å legge tilrette for alternativ opplæring i skulane, og ikkje ein alternativ arena. På ein slik måte vil ein kunne sikre betre etterleving av regelverket, få til ein kompetanseheving i einingane nært eleven, kunne sikre mål om inkluderande praksis, samt nytte ressursane som tidlegare har vore nytta til skyss på ein betre måte.

«Ungt Entreprenørskap sin metodikk byggjer på dei same prinsippa som LK20 om mellom anna å leggje til rette for trygge læringsprosessar der elevane må tenkje nytt, sjå relevans, reflektere, vere utforskande og kreative. Ungt Entreprenørskap sitt program kan vere gode verktøy for skulen i arbeidet med fagfornyninga og legge tilrette undervisninga med elevbedrift. «Ungt Entreprenørskap arbeidar med entreprenørskap i utdanning og gjer tilbod om ulike program i grunnskule, vidaregåande skule og innan høgare utdanning».

Vurdering

Strategien til Sveio kommune er å leggje til rette for ordinær undervisning med høg kvalitet og sikre at elevar blir inkludert og kan få meistring. For å oppnå dette skal elevar i vår kommune, så langt det er mogleg, få tilrettelagt opplæringa på ein slik måte at behovet for individuell tilpassing blir løyst innaføre ramma av opplæringa i ein klasse. I dei særskilte tilfella der det kan vere naudsynt å gje elevar eit tilbod utanføre det ordinære, skal kommunen utvikla ulike former for alternativ opplæring organisert på skulen sine arenaer. Det er eit overordna mål om å inkludera alle elevar i den ordinære undervisninga, og berre i særskilte tilfelle nytte alternative organisering og evt opplæringsarenaer. Opplæringa som skjer på ein alternativ opplæringsarena er skulen sitt ansvar. Det er derfor viktig at bruk av alternativ opplæringsarena skjer i kommunal regi. Det blir difor vurdert at det per no ikkje aktuelt å gå inn i eller vidareføre ein samarbeidsavtale med Inn på tunet prosjekt. Sveio kommune jobbar kontinuerleg med å sikre at gjeldande rutinar og retningslinjer følg lovkrava i opplæringslova. Døme på alternativ opplæringsarena vi nyttar i dag kan og vere samarbeid med vidaregåande skule: I tråd med fullføringsreforma har Sveio skule hausten 2023 samarbeida med Haugaland vidaregåande skule i Haugesund om elevar som har hatt nokre timar undervisning ved skulen. Opplegget har vore å snekra spileveggar til kantina på Vigdartun. Det vil bli eit vidare samarbeid om å laga blomsterkassar etter forslag/teikningar om nyskapande aktivitetsanlegg. Det følger med tilsette frå Sveio skule i undervisninga.

Fullføringsreformen skal bidra til at ungdom og vaksne blir kvalifisert til å møte krava i vidare utdanning og arbeidsliv, og at de kan oppdatere sin kompetanse gjennom hele livet.

Elisabeth Nygaard

Kommunalsjef oppvekst